



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

Møteprotokoll

Møtedato: Møte nr. 1/ 2024 – Tysdag 4. Juni 2024, kl 17.30

Møtestad: Sveio Soknehus

Følgjande medlemmer/vara var kalla inn:

Frå Førde & Valestrand sokneråd:

Tor Helge Hardeland, Tove Maryann Bjørge Ottesen, 1. vara Jostein Valen og 2. vara Elisabeth Reiersen

Frå Sveio sokneråd:

Rune Hjelmeseter, Astrid Furdal, 1. vara Kjell Gunnar Nymark og 2. vara Sigrund Breistig

Kommunal representant: Dagfinn Fagerland Bjørge

Prest: Arild Steinsland

Fråfall vert å melda til kyrkjekontoret så snart som råd, slik at vara medlemmar kan bli kalla inn.

Vara for kommunal representant og vara for soknepresten får innkalling, men treng ikkje møta utan særskild melding.

Vara for kommunal representant: Ragnhild Elise Lysen og Ruth Grethe Østebøvik Eriksen

Vara for prest: Svein Arne Theodorsen

Fråfall til dette møtet: Ingen.

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Saker som skal behandlast:

Godkjenningssaker.

01/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 231123.

02/2024 Godkjenning av Årsmelding 2023.

03/2024 Godkjenning av Rekneskap 2023.

04/2024 Godkjenning av Budsjett 2024.

05/2024 Godkjenning av Møteplan for hausten 2024.

Drøftingssaker – aktuelle utlysingar.

06/2024 Ny kantor/ organist/ kyrkjemusikar etter Ingrid som slutta 290224.

07/2024 Ny kyrkjelydspedagog etter Haldis som har sagt opp stillinga si fom 010225.

08/2024 Nyoppretta stilling som diakonal medarbeidar.

Drøftingssaker – andre saker.

09/2024 Justering av pris på feste og stellavtalar.

10/2024 Justering av pris på leige av kyrkjene i Sveio.

11/2024 Ny Minnelund i Sveio ved Eikeland kapell – minneplater/ namneplater.

12/2024 Ferievikarar til gravplassane sommaren 2024.

Orienteringssaker.

13/2024

- A. Staben vår.
- B. Ny prest etter Gisle - status om oppstart.
- C. Nytt varmestyringssystem i Sveio kyrkja tatt i bruk medio desember 2023 - kostnadsstatus og straumsparing mm så langt.
- D. Eikeland nye gravplass er ferdig - oppsummering av prosjektet.
- E. Eikeland nye gravplass blir vigsla 060624, kl 18.00 - PROGRAM.
- F. Valestrand kyrkje - roteskade i tak - kostnadsestimat, status og framdriftsplan.
- G. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.
- H. Rehabilitering av altertavla i Valestrand kyrkje - finansiering, status og framdriftsplan.
- I. Medarbeidarfest 050624, kl 18.00 - PROGRAM.
- J. Honorar rådsmedlemmar - utbetaling i desember.
- K. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

Neste møte – kjende saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 040624.
- Rekneskap mot periodisert budsjett pr siste mnd.
- Oppfølgingssaker frå 231123 – opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.

Sveio, 31.05.2024

Sign

**Tor Helge Hardeland
Leiar Fellesrådet**

**Rita Holmedal
Kyrkjeverje**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	01/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

GODKJENNINGSSAKER.

Sak 01/2024 Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 231123.

Møteprotokoll frå 231123 vart godkjent utan merknader.

Det kom følgjande korreksjon til Innkallinga sak 03/2024 Godkjenning av Rekneskap 2023: Rekneskap- og Budsjettåret skal vera 2023, og rekneskap- og budsjettposten hadde bytta plass – det skal altså vera 756 000 under rekneskap og 508 000 under budsjett. Avviket vert uendra.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	02/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

02/2024 Godkjenning av Årsmelding 2023.

Kyrkjeverja sitt framlegg til Årsmelding for driftsåret 2023 ver lagt fram for Fellesrådet for vurdering og godkjenning.

I årsmeldinga er det tatt med nokre hovudpunkt for arbeidet som er utført i året som har gått, samt kva som vil vera prioriterte prosjekt i 2024.

Dokument i saka:

- Årsmelding for Sveio Kyrkjelege Fellesråd 2023.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Alt 1: Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2023» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd.

Alt 2: Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2023» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd med følgjande merknader.

Behandling i møte: Det var ingen merknader til Årsmeldinga.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak: Årsmeldinga vart godkjent utan merknader.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	03/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 03/2024 Godkjenning av Rekneskap 2023.

Oppsummert

Rekneskapen for driftsåret 2023 vert lagt fram for Fellesrådet for vurdering og godkjenning. Rekneskapen for 2023 har eit meirforbruk (underskot) på kr 262 624 som er dekkja gjennom

bruk av ubundne fond. Dei ulike ansvarsområda får tilført fondsmidlar ved mindreforbruk og trekt for fondsmidlar ved meirforbruk – gjeld ubundne fondsmidlar..

Eg gå ikkje gjennom kvart einskild ansvarsområde her, men vise til vedlagt driftsrekneskap for 2023. På generelt grunnlag kan seiast at hovudårsaka til underskotet er følgjande postar:

	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Avvik
Pensjon KLP (10901)	756 000	508 000	247 000
Godtgjerdsløse folkevalde (10800)	104 000	74 000	30 000

Drift

Netto driftsresultat, samla for alle ansvarsområda viser eit meirforbruk (underskot) på kr 262 624 mot eit underskot på kr 47 000 i 2022. Underskotet er dekkja ved bruk av disposisjonsfond.

Den viktigaste inntekta for Fellesrådet er driftstilskotet frå kommunen. Dette var i 2023 på kr 4 320 000 mot kr 4 050 000 i 2022 – ei auke på kr 270 000. Dette er langt lågare enn pris og lønsauken. Disposisjonsfonda er samla redusert med meirforbruket i 2023. Fonda er ein buffer for periodar med uforutsette utgifter, samt i budsjettsamheng – der nødvendige utgifter ikkje kan dekkast av inntektene.

Investeringar

Innanfor investering er registrert kostnadane Sveio kommune har dekkja for Sveio kyrkja - nytt varmestyringssystem i Sveio kyrkja, samt ulike kostnader som er påløpt i samband med utviding av gravplassen på Eikeland. Desse kostnadane viser som «kalkulatoriske utgifter ved kommunal tenesteyting»

Vurdering

At rekneskapen går i minus trass i vakant stilling som kantor/ organist/ kyrkjemusikar er urovekkjande, og må takast med i vurderinga når denne stillinga skal handsamast. Eksisterande løysing er ei betydeleg rimelegare løysing enn kva ein ny kantorstilling vil bli.

Ser vi på tala bak resultatet – så ser vi at nokre ansvarsområde bidrar positivt til resultatet, medan andre negativt. Som nemnt i oppsummeringa så er pensjonskostnaden til KLP, samt godtgjerdsløse til folkevalde to postar som samla sett utgjør meirforbruket i 2023 – tar med at kostnaden til valfunksjonærene kan forklara avviket på konto 10800. Det er heller ikkje i 2023 sett av midlar til fornying av arbeidsbil slik som føresett i budsjettet. Når me i tillegg veit at 2024 vil ha same utfordring som 2023 i høve til lønsauke og prisstigning, samstundes med dei kommunale løyvingar ikkje aukar tilsvarande - så er dette urovekkjande.

Dokument i saka:

- Rekneskap for Sveio Kyrkjelege Fellesråd 2023.

Kyrkjeeverja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtek Rekneskapen for 2023 under føresetnad av revisor si godkjenning. Revisjonsmelding ikkje motteke pr dato.

Behandling i møte: Merknad som vist til under sak 01/2024.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak: Rekneskapen vart godkjent med endring av merknad som er vist til under sak 01/2024.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	04/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 04/2024 Godkjenning av Budsjett 2024, Økonomiplan 2025-2027.

Det som i første rekke set rammer for Fellesrådet sitt budsjettarbeid er løyvingane frå Sveio kommune. Rådmannen sitt budsjettframlegg for 2024 er behandla og godkjent av kommunestyret. Ut frå godkjent kommunebudsjett for 2024 er det klart at Sveio KF vil ha utfordringar med å få budsjettet for 2024 til å gå i balanse. Løyvingar som ikkje tek høgde for generell løns- og prisvekst utgjer betydelege utfordringar for ein liten organisasjon som Fellesrådet. Sjølv om løyvingane for 2024 går noko opp i høve til 2023 - så vil det truleg ikkje dekkja forventa løns- og prisauke i 2024.

Budsjett for 2024 kan derfor bli sett opp med bruk av disposisjonsfond for å koma i balanse. Dette er ikkje ønskeleg, men vi kjem mest synleg ikkje utanom dette.

Straumkostnaden er ein stor kostnad i kyrkja, og for å betra på denne kostnaden er det i løpet av 2023 investert i varmestyringssystem i Sveio kyrkja. Det er forventa god effekt av dette, og straumkostnaden vil ut frå dette kunna reduserast noko i budsjett for 2024.

Ein anna vesentleg kostnad er pensjonskostnaden til KLP som auka tydeleg i 2023 med anna pga auka lønnskostnad. Det blir i 2024 føreslått å nytta noko av premiefondet til betaling av premien – likevel slik at det står att ein grei buffer.

I tillegg vert det foreslått å redusera bruken av sommarvikarar.

Den aller største utgifta for Fellesrådet er lønnskostnadane. Vi har ein liten arbeidstokk og eventuelt frávær/vakansar har store konsekvensar for drifta av kyrkja. Samtidig er det slik at det må vurderast om Fellesrådet har økonomi til å tilsetje nye i slike stillingane umiddelbart.

Her er det muleg å spara pengar på kort sikt, men det kan og medføra større utgifter på lenger sikt dersom arbeid ikkje vert tatt unna fortløpande. Å ikkje ha faste tilsette kan og medføra at det blir dyre vikarløysingar for «må-oppgåver». Vi har så langt vore heldige.

Det er ut frå dette utarbeida eit detaljbudsjett med utgangspunkt i siste års rekneskap. Lønspostane er auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med ei forventa prisstigning på 4,9%. Straumkostnaden er redusert noko i høve til 2023 pga forventa reduksjon i kostnaden ved Sveio kyrkja etter installering av varmestyringssystemet som får full effekt fom 2024 – ansvar 57200, det same er pensjonskostnaden ut frå at vi nyttar noko av premiefondet til dekning av premien for 2024. Som det 'og går fram av utkast til budsjett går dette i balanse ved å bruka kr 100 000 av vedlikehaldsfondet 25657019, som pr 311223 er på kr 272 428,13 - ansvar 57200, samt kr 112 616 av trusopplæringsfondet 25657031 som pr 311223 er på kr 665 543,30. Vedlikehaldsposten er usikker og kan bli lågare, men er tenkt nytta til ekstraordinære kostnader i samband med utviding og oppgradering av Eikeland gravplass og kapell, til utbetring av sakristia i Sveio kyrkja og eventuelle kostnader med utbetring av roteskader i tak i Valestrand kyrkje. Bruk av trusopplæringsfondet vil gjera det muleg å halda same drifta som i 2023.

Eg vil nedanfor gå inn på nokre postar på kvart enkelt ansvarsområde:

57100 – Administrasjon

Her er lønnskostnaden auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med forventa prisstigning på 4,9%. Pensjonskostnaden til KLP (konto 10901) er redusert i høve til rekneskapen for 2023 då her er planlagt bruk av premiefondet til betaling av noko av premien for 2024. Posten godtgjerdse til folkevalde (konto 10800) er 'og redusert noko i høve til rekneskapen for 2023 som inkluderte honorar til valfunksjonærane.

57200 – Drift kyrkjer

Her er 'og lønnskostnaden auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med forventa prisstigning på 4,9%. Pensjonskostnaden til KLP er redusert i høve til rekneskapen for 2023 då her er planlagt bruk av premiefondet til betaling av noko av premien for 2024.

Straumkostnaden er halde på same nivå som rekneskapen for 2023 vise – dette ut frå at det er forventa at prisauken vil bli dekkja av redusert kostnader pga innføring av varmestyringssystem i Sveio kyrkja, som vil ha effekt for heile 2024.

For å spara kostnader ved annonsering har vi i større grad vald å nytta lokalavisa, og berre ved spesielle høve Haugesunds Avis.

For å kunna følgja opp prioriterte prosjekt i 2024 – utviding og oppgradering av Eikeland gravplass og kapell, samt utbetring av sakristia i Sveio kyrkja og reperasjon av roteskade tak i Valestrand kyrkje er det sett av kr 100 000 til vedlikehald (konto 12300). Midlane vert dekkja ved bruk av vedlikehaldsfondet som pr 311223 er på kr 272 428,13.

Elles er det gjort eit vedtak i FR sak 11/2023, 200223, om å bruka inntil kr 25 000 av vedlikehaldsfondet til dekning av arbeidet med Rehabilitering av albertavla i Valestrand kyrkje. Arbeidet med albertavla starte i juni og vil bli ferdigstilt i august/ september i år.

57210 – Valestrand Kulturkyrkje

Budsjettet her skal gå i «0» og eg ser ikkje behov for å gå nærare inn på dette ansvaret. Ev overskot/underskot vert tatt av/lagt til eige fond.

57300 – Drift kyrkjegardar

Her er 'og lønnskostnaden auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med forventa prisstigning på 4,9%. Pensjonskostnaden til KLP er redusert i høve til rekneskapen for 2023 då her er planlagt bruk av premiefondet til betaling av noko av premien for 2024.

Posten til klede og sko (konto 11202)er auka noko frå 2023, pga påkrevd verneutstyr. Vidare vert posten inventar og utstyr (konto 12000) reduser då det vart nytta midlar ut over budsjett i 2023 til nytt utstyr som snøfresar mm og ny grasklyppar. Posten vedlikehald anlegg/uteareal (konto 12301) vert auka for å ta høgde for at det kan bli ekstra kostnader i samband med ny Minnelund ved Eikeland kapell. Posten serviceavtalar/ driftsavtalar/reparasjonar (konto 12400) er heva noko for å ta høgde for eventuelle uforutsette reparasjonar på utstyr.

Det er dei siste åra ikkje sett av midlar til kapital til ny driftsbil – det gjer vi ved å balansera budsjettet på ansvar 57300 med kr 34 077.

Festeavgiftene (konto 16301) vert halde på same nivå som i 2023.

57410 – Diakoni

Her er 'og lønnskostnaden auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med forventa prisstigning på 4,9%. Pensjonskostnaden til KLP er redusert i høve til rekneskapen for 2023 då her er planlagt bruk av premiefondet til betaling av noko av premien for 2024.

Elles vert det lagt inn ein post for annonsering/reklame (konto 11400) - ingen framlegg til endring ut over det i budsjettet.

57420 – Trusopplæring

Her er 'og lønnskostnaden auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med forventa prisstigning på 4,9%. Pensjonskostnaden til KLP er redusert i høve til rekneskapen for 2023 då her er planlagt bruk av premiefondet til betaling av noko av premien for 2024.

Dette ansvarsområdet hadde eit meirforbruk i 2023 på kr 42 832, og med forventa løns- og prisauke i 2024 og elles same drift som i 2023 går vi mot eit meirforbruk på kr 112 616. Dette ansvaret har spart opp midlar i koronatida og har eit fond pr 311223 på kr 665 543,30 –

kyrkjeverja føreslår at vi dekkar forventa meirforbruk ved bruk av fondet – slik at aktiviteten kan oppretthaldast.

57430 – Konfirmantarbeid

Her er utgiftspostar auka med forventa prisstigning på 4,9%. Elles er det sett av ein diverse post (konto 11550) til dekning av uforutsette reisekostnader.

57440 – Kyrkjemusikk

Ingen framlegg til endring i budsjett.

57450- Barnekor

Her er 'og lønnskostnaden auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med forventa prisstigning på 4,9%.

Lønns- og konsulentkostnad her gjeld dirigent og organist for Barnekoret ut 2024. Det er elles sett av kr 50 000 (konto 10300) til vikar.

Oppsummering

Lønspostane er auka med forventa lønsauke på 5,2% og andre utgiftspostar med ei forventa prisstigning på 4,9%. Pensjonskostnaden er redusert og det er føreslått å bruka noko av premiefondet til betaling av premien for 2024. Straumkostnaden er redusert noko i høve til 2023 pga forventa reduksjon i kostnaden ved Sveio kyrkja etter installering av varmestyringssystemet som får full effekt fom 2024 – ansvar 57200, det same er pensjonskostnaden ut frå at vi nyttar noko av premiefondet til dekning av premien for 2024. Som det 'og går fram av utkast til budsjett går dette i balanse ved å bruka kr 100 000 av vedlikehaldsfondet 25657019, som pr 311223 er på kr 272 428,13 - ansvar 57200, samt kr 112 616 av trusopplæringsfondet 25657031 som pr 311223 er på kr 665 543,30.

Vedlikehaldsposten er usikker og kan bli lågare, men er tenkt nytta til ekstraordinære kostnader i samband med utviding og oppgradering av Eikeland gravplass og kapell, til utbetring av sakristia i Sveio kyrkja og eventuelle kostnader med utbetring av roteskader i tak i Valestrand kyrkje. Bruk av trusopplæringsfondet vil gjera det muleg å halda same drifta som i 2023.

Det er ikkje lagt inn midlar til nye stillingar i 2024.

Vurdering

Forventa lønns- og prisauke vil kunna dekkast gjennom tildelt ramme frå kommunen, men den gir ikkje rom for auka aktivitet utan bruk av fond.

Forutsetninga er at det ikkje vert tilsetting i vakant stilling dette året, men at vi held fram med dei løysingar vi har for den vakante stillinga. Stillinga må så vurderast på nytt i samband med budsjettet for 2025.

Vidare at vi berre tilset ein ferievikar i 5 veker i sommar for å dekkja opp ferie hos fast tilsette ute. Vi vil då ha to personar på plass gjennom ferieperioden – noko som er eit minimum, men vurdert til at dette kan gå.

Elles rår Kyrkjevevja til at Fellesrådet brukar fondsmidlar som skissert over – det same gjeld bruk av premiefondet til betaling av deler av premien for 2024.

Slik vil vi halda oppe aktiviteten frå 2023, samt få gjennomført planlagte prosjekt i 2024.

Økonomiplan 2024 – 2027

For Fellesrådet si side er det ikkje utarbeida eigen Økonomiplan for perioden 2024 – 2027, men legg ved kommunen sin plan som bygger på ramma for 2024 utan påslag for lønns- og prisstigning for perioden. Justering for dette, må vi gå ut frå vil komma i kvart einskild årsbudsjett, slik det har vore praktisert tidlegare.

Dokument i saka:

- Utkast til budsjett for Sveio Kyrkjelege Fellesråd for 2024.
- Notat med utdrag frå rådmannen sitt budsjettframlegg, samt økonomiplan for perioden 2024-2027.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtar framlegg til budsjett for 2024.
- Sveio Kyrkjelege Fellesråd vedtar økonomiplan for 2024-2027.

Behandling i møte: Møtet registrerar at budsjettet er stramt, og at bruk av premiefondet i KLP til dekning av noko av premien for 2024, samt noko bruk av fond gjer at vi kjem i mål

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak: Budsjettet for 2024 vart godkjent slik det var framlagt i møtet, det same vat Økonomiplanen 2024-2027.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	05/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

Sak 05/2024 Godkjenning av Møteplan for hausten 2024.

Følgjande møtedatoar vert føreslått: tys 27.08, tys 22.10 og tys 03.12.

Dokument i saka:

- Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

- Alt 1: Fellesrådet vedtek Møteplan for hausten slik den er framlagt.
- Alt 2: Fellesrådet vedtek Møteplanen for hausten med følgjande merknader:

Behandling i møte: Datoane vart drøfta og vurdert opp mot anna aktivitet blant styremedlemmane.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Forslag til møteplan for hausten vart vedteken med følgjande endringar: Tys 22.10 vart endra til tor 24.10 - elles som framlagt.

Møtedatoen 27.08 er i ettertid flytta til tys 03.09 pga meldt fråvær hos Kyrkjeverja. Vi må 'og vurdere ny dato for møtet planlagt til tor 24.10 pga Kulturarrangement i Valestrand Kulturkyrkje. Vi finn ny dato i møtet 03.09.

DRØFTINGSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	06/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

06/2024 Ny kantor/ organist/ kyrkjemusikar etter Ingrid som slutta 290224.

Saka vart UTSETT til møtet 03.09.

Stillinga har dei to siste åra vore erstatta med vikar for kantor/ organist under gudstenester og gravferd mm, samt med vikardirigent og vikarorganist for Barnekoret. Budsjettmidlane til kantor har vore erstatta med reduserte budsjettmidlar til vikarar. Dette har gitt oss reduserte kostnader.

Dokument i saka:

- Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

- Stillinga bør tidlegast effektuerast fom 010125, viser til budsjett for 2024.
- Stilling og stillingsstorleik må drøftast i samband med budsjett for 2025.
- Stillingsutlysing og innhald – kva søker vi etter, og når søkje vi?

Behandling i møte:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	07/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

07/2024 Ny kyrkjelydspedagog etter Haldis som har sagt opp stillinga si fom 010225.

Saka vart UTSETT til møtet 03.09.

Vår kyrkjelydspedagog har sagt opp stillinga si fom 010225, og det kan vera ønskjeleg med noko overlapping ved tilsetting av ny. Stillinga kan vidareførast med 60% utan anna konsekvens for budsjettet enn ei eventuell lønsauke.

Dokument i saka:

- Ingen.

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

- Det bør vurderast 1-2 veker med overlapping – det må i så fall setjast av midlar til dette i budsjettet for 2025.
- Stillinga kan vidareførast med 60% utan konsekvensar for budsjett.
- Stillingsutlysing og innhald – kva søker vi etter, og når søkje vi?

Behandling i møte:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	08/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

08/2024 Nyoppretta stilling som diakonal medarbeidar.

Viser her til vedlagt notat om stillingsprosjektet frå Diakoniutvalet i Sveio sokneråd.

Håpar elles Sigrund Breistig kan presentera og seia litt om prosjektet i møtet.

Dokument i saka:

- Notat prosjekt «Besøksteneste for vår tid – eit diakonalt pilotprosjekt i Sveio».

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

- Korleis kan Fellesrådet bidra til prosjektet?

Behandling i møte: Fellesrådet vurderar dette som eit svært positivt tiltak, og vil gjerne støtta tiltaket, men vi har ikkje midlar å gå inn i prosjektet med. Gjenbruksløn sin representant melde at dei ville kunna dekkja inntil 50% av lønskostnaden i prosjektperioden på 3 år. Det forutset likevel at kommunen gjer det same.

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak: Vi støttar prosjektet og tiltaket, men vi har ikkje midlar å gå inn i prosjektet med.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	09/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

09/2024 Justering av pris på feste og stellavtalar.

Saka vert flytta til neste møte – føreslått 270824. **Ny dato for dette møtet vert 03.09.**

Dokument i saka:**Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:****Behandling i møte:****Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	10/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

10/2024 Justering av pris på leige av kyrkjene i Sveio.

Saka vert flytta til neste møte – føreslått 270824. **Ny dato for dette møtet vert 03.09.**

Dokument i saka:**Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:**

Behandling i møte:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	11/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

11/2024 Ny Minnelund i Sveio ved Eikeland kapell – minneplater/ namneplater.

Saka vart UTSETT til møtet 03.09.

Saka vert presentert i møtet.

Dokument i saka:

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

Behandling i møte:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	12/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

12/2024 Ferievikarar til gravplassane sommaren 2024.

Saka vert flytta til Orienteringssak 13/2024, pkt W.

Dokument i saka:

Kyrkjeverja sitt framlegg til drøfting:

Behandling i møte:

Sveio kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

ORIENTERINSSAKER.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24.06.04	13/2024	Rita Holmedal	Websak: XX/X-XXX

A. Staben vår.

Ingrid slutta 290224, Haldis går av som førtidspensjonist 010225.

B. Ny sokneprest i Sveio sokn etter Gisle - status om oppstart.

Eirik Aadland Tappel startar i stillinga 191224.

C. Nytt varmestyringssystem i Sveio kyrkja tatt i bruk medio desember 2023 - kostnadsstatus og straumsparing mm så langt.

Vi har testa perioden jan-mar 2024 opp mot same periode i 2023, og funne at straumkostnaden er halvert. Noko skuldast reduserte straumprisar, men hovudsakleg skuldast dette betre varmestyring.

D. Eikeland nye gravplass er ferdig - oppsummering av prosjektet.

Viser her til oppsummering av prosjektet som var vedlagt innkallinga til møtet. Gravplassen er no tatt i bruk, og første grava kom i Minnelunden.

E. Eikeland nye gravplass blir vigsla 060624, kl 18.00 - PROGRAM.

Viser til PROGRAM som var vedlagt innkalling til møtet.

F. Valestrand kyrkje - roteskade i tak - kostnadsestimat, status og framdriftsplan.

Skaden vart avdekka av dei som malte kyrkja - etter oppdrag frå oss. Dei har seinare utarbeida ei kostnadsramme på dette på kr 250 000 – 300 000 som vart oversendt kommunen innan budsjettfristen for 2025, 010524, samt med eit sterkt ønske om at saka vart handsama politisk – dette for å få midlar tildelt i 2024 - slik at arbeidet kunne utførast før ny vinter. Vi hadde synfaring med kommunen 230524 og 180624 fekk vi melding om at kr 300 000 var innvilga til dette arbeidet. 200824 var det ny synfaring med entreprenør og arbeidet er planlagt ferdigstilt i løpet av hausten – oppstart kring månadsskiftet august/ september.

G. Sakristia i Sveio kyrkja - kostnad, status og framdriftsplan.

Arbeidet her er planlagt med eigne ressursar og noko dugnadshjelp, og vil bli jobba med haust/ vinter 2024/ 2025.

H. Rehabilitering av albertavla i Valestrand kyrkje - finansiering, status og framdriftsplan.

Arbeidet starta i juni og har hatt pause i sommar – det vil bli ferdigstilt i løpet av august/ september. Arbeidet har ei kostnadsramme på kr 170 000 – der kr 160 000 vert dekka av Riksantikvaren, resten frå vedlikehaldsfondet vårt.

I. Medarbeidarfest 050624, kl 18.00 - PROGRAM.

Viser til PROGRAM som var vedlagt innkalling til møtet.

J. Honorar rådsmedlemmar - utbetaling i desember.

Honoraret vert utbetalt for heile perioden over lønn i desember.

K. Tilsyn av kyrkjer/ kapell og Soknehuset 230424 – tilsynsrapportar.

Viser tilsynsrapport for Sveio kyrkja som var vedlagt innkallinga til møtet. Tilbakemelding med framdriftsplan vart sendt Tilsynet HBR innan fristen 150624. Framdriftsplanen legg opp til at vi skal ha korrigert for påpeika avvik i løpet av hausten.

L. Ferievikarar til gravplassane sommaren 2024.

Vi kortar ned på bruken av ferievikarar på gravplassane i sommar. Vi har lagt opp til at dei to som jobbar ute planlegg ferie slik at dei ikkje er ute samstundes, og vi har då vurdert det slik at det berre er behov for to ferievikarar – ein i to veker i 100% og ein i tre veker i 80%..

Neste møte – kjende saker.

- Godkjenning av innkalling og møteprotokoll frå 040624.
- Rekneskap mot periodisert budsjett pr siste mnd.
- Oppfølgingssaker frå 040624 - opplæring og kyrkje/ gravplassbesøk.
- Oppfølgingssaker frå 040624 – sjå overførte saker.